

Åpenhetsloven

Redegjørelse for aktsomhetsvurdering



Sunnhordland Kraftlag AS

Innhald

1	INNLEIING	3
2	VERKSEMDA VÅR	3
3	PROSESS FOR Å IVARETA KRAV I ÅPENHETSLOVEN	4
4	VÅRE LEVERANDØRAR.....	4
5	AKTSOMHETSVURDERING OG RISIKOVURDERING	5
6	GJENNOMFØRTE TILTAK OG VEGEN VIDARE	5
6.1	PROSESS FOR Å IVARETA KRAV I ÅPENHETSLOVEN	5
6.2	SKL SINE LEVEREGLAR.....	5
6.3	ANSVARLEG PRAKSIS HJÅ UNDERLEVERANDØRAR	5
6.4	FRI FAGORGANISERING OG ARBEIDSTAKARREPRESENTASJON	6
6.5	VARSLINGSKANAL	6
6.6	OVERVAKING/RESULTAT.....	6

1 Innleiing

SKL er sitt samfunnsansvar bevisst og skal bidra til å forbedra nærings- og arbeidslivet. Leininga har plassert ansvar, innad i verksemda, for implementering av dei ulike momenta av akt somhetsvurderingane og oppfølgjing av evt. risiko.

Denne redegjørelsen er utarbeidd i samsvar med åpenhetslova, FNs vegleiande prinsipp for næringsliv og menneskerettar og OECDs vegleiing for akt somhetsvurderingar for ansvarleg næringsliv.

SKL og datterselskap baserer sin aktivitet i Norge, med norske leverandørar. Dette gjev lågare risiko med omsyn til ansvarleg næringsliv ettersom ei anser at norske foretak er «tryggare» når det kjem til ettelevelse av regelverk og krav i åpenhetsloven. Og med det redusert fare for brot på menneskerettar og anstendige arbeidsforhold, samanlikna med foretak som handlar frå utlandet, med mange underleverandørar.

Likevel arbeider SKL aktivt med akt somhetsvurderingar og ivaretaking av menneskerettar og anstendige arbeidsforhold i selskapet, i leverandørkjede og med forretningspartnarar. Dette skjer gjennom kartlegging og vurdering av risiko for brot på menneskerettar og arbeidsforhold og oppfølgjing av eventuelle risikoar.

Arbeidet med menneskerettar og anstendige arbeidsforhold er forankra i selskapet sine levereglar som stiller strenge krav til helse, miljø og sikkerhet, arbeidsforhold, forretningspraksis, leverandørar og samarbeidspartar samt handtering av tvilstilfelle og regelbrot.

Vidare syner SKL samfunnsansvar og søker gode løysingar i det grøne skiftet. Me arbeider målretta med berekraft og tek, mellom anna, omsyn til biologisk mangfold, friluftsliv, kulturminne, kulturlandskap og reduksjon av klimagassutslepp.

2 Verksemda vår

Konsernet Sunnhordland kraftlag AS (SKL) er eit reindyrka konsern innan produksjon og utvikling av fornybar vasskraft. SKL sin kraftproduksjon ligg i all hovudsak i Vestland og Rogaland fylke.

Hovuddelen av kraftproduksjonen og driftsmiljøet er lokalisert til Matre i Kvinnherad kommune, der fleire stasjonar nyttar vassressursane i Blådalsvassdraget. SKL har også ei driftsavdeling i Litledalen i Etne kommune tilknytt Litledalen og Hardeland kraftverk. I tillegg eig og driv SKL Eikelandsosen kraftverk i Fusø, Rødne kraftverk i Vindafjord, Bordalsbekken i Tysvær og to mindre stasjonar på Stord. SKL er også medeigar i Sima kraftverka (8,75%) i Eidfjord og Ulla Førre kraftverka (2,54%) i Rogaland og Aust-Agder. Midlare kraftproduksjon i stasjonane er 2 440 GWh inkludert konsoliderte småkraftverk.

Småkraftsatsinga skjer hovudsakleg i eigne datterselskap og tilknytt selskap. I konsernet inngår også 13 småkraftverk i eigne selskap. 12 av desse har kraftverk i drift med ein total midlare

kraftproduksjon på 142 GWh, og eitt kraftverk på 10 GWh er under bygging. Gjennom tilknytt selskap har SKL eigarskap i 10 småkraftverk med midlare produksjon på 135 GWh.

Hovudaktivitetane til SKL er utvikling, produksjon, drift og vedlikehald av vannkraftverk.

3 Proses for å ivareta krav i åpenhetsloven

SKL starta arbeide med å forstå formål med åpenhetsloven, krava som vert stilt og kva som skal til for å ivareta desse, hausten 2022. Med bakgrunn i dette vart det utarbeid ein prosess som syner aktivitetar som skal gjennomførast og kven som har ansvar for desse, for å etterleva dei lovåplagte krava.

I selskapet sitt kvalitetssystem har me utarbeidd prosess som beskriv korleis vi skal etterleva krav i åpenhetsloven. Følgjande hovudaktivitetar inngår i prosessen:

- Leverandøroversikt og sortering med av desse med omsyn til kven som kan innebera størst risiko. Tema og utgangspunkt for sorteringa er følgjande:
 - SKL sine leverandørar og størrelse på leveransar
 - Land leverandørar operer i
 - Bransje/industri, tenesteleveransar
- Datainnsamling, spørreskjema vert sendt til utvalde leverandørørar med spørsmål om korleis de arbeider med å fremja respekt for grunnleggande menneskerettar og anstendige arbeidsforhold, herunder helse, miljø og sikkerhet (HMS) på arbeidsplassen og løn som ein kan leva av
- Vurdering av informasjon fra leverandørar og avgjerd om det er behov for oppfølgjing av risikoen ein var uroa for, eller om denne er ivaretake
 - Ved behov for oppfølgjing av risiko etterspør meir presist, be om dokumentasjon vurder inspeksjon eller revisjonar
- Iverksetja eigna tiltak for å stansa, førebygga eller avgrensa negative konsekvensar
 - Opprett notater, oppgåver og påminningar for leverandørar som er i risiko-/faresone, for kommande vurdering

4 Våre leverandørar

Via regnskapssystemet vårt har vi fått oversikt over kva leverandørar verksemda har. For 2022 var det kring 450 leverandørar.

Største leverandørar

Leverandørar av:

- Materialar og teknisk utstyr
- Entreprenørar utførande
- Konsulentar

5 Aktsomhetsvurdering og risikovurdering

Me har gjennomført ein prosess for å kartlegga, bidra til å forebygga, gje reie for og følgja opp korleis SKL handterer evt. faktiske og potensielle negative konsekvensar av vår verksemnd, herunder sannsynlegheita for negativ påverknad på menneskerettar og arbeidsforhold i og utanfor verksemda.

Som tidlegare handlar SKL i all hovudsak med norske foretak og underleverandørar. Dette har lågare risiko med omsyn til ansvarleg næringsliv ettersom ein anser at norske foretak er «trygge» når det kjem til etterleving av krav i åpenhetslova.

Vi har sortert våre leverandørar med utgangspunkt i storleik og type leveransar, land dei operer i bransje/industri. Med bakgrunn i denne kartlegginga har vi kome fram til kva selskap som kan vera i faresona og inneber størst risiko. Desse selskapa har me følgt desse opp med spørjeskjema om korleis dei arbeider for å førebygga brot på menneskerettar og sikra anstendige arbeidsforhold, i leverandørkjeda.

Tilbakemelding og informasjon frå våre leverandørar er vurdert. Me har kome fram til at det ikkje, i denne omgang, er trong for oppfølgjing, som i å etterspør meir presis informasjon, be om dokumentasjon eller vurdera inspeksjon eller revisjonar.

Oppgåver og påminningar for vidare arbeid inkl. oppfølging av leverandørar er notert.

6 Gjennomførte tiltak og vegen vidare

6.1 Proses for å ivareta krav i åpenhetsloven

Vi har utarbeidd prosess som beskriv korleis vi skal arbeida for å ivareta krav i åpenhetslova, sjå kapittel 3. Denne prosessen skal vi, med bakgrunn i erfaringar, evaluera og deretter forbetra.

6.2 SKL sine Levereglar

I samband med arbeidet med å ivareta krava i åpenheitslova har me revidert SKL sine levereglar, desse skal me jobba for å synleggjera, både internt og til våre leverandørar. Levereglar skal leggast ved alle førespurnadar og etterlevast av våre leverandørar og samarbeidspartar.

Vi skal og følgja opp påsjåplikta vår ved å gjennomføra revisjon hjå leverandørar.

6.3 Ansvarleg praksis hjå underleverandørar

Me orienterer om og forventar at våre leverandørar og samarbeidspartnarar arbeider målretta og systematisk for etterleving av eit berekraftig næringsliv. SKL sine underleverandørar er norske og underlagt norsk lov i arbeidsforhold. I nokre tilfelle, særleg ved bygg- og anleggsarbeid, nyttar våre leverandørar seg av innleige av utanlandske arbeidstakrarar. Norske foretak er underlagt norske lovar med omsyn til å ivareta menneskerettar og anstendige arbeidsforhold. Det vil likevel alltid vera ein risiko med omsyn til å få kjennskap i heile verdikjeda, og i verste fall kunne føra til at selskapet nyttar seg av underleverandørar som ikkje fyller standarden for ansvarleg næringsliv. For å ytterlegare sikra oss at arbeidstakarane ikkje vert utsett for lovbroter stiller SKL i kontraktsvilkår krav om at minimumsstandard for anstendige arbeidsforhold basert på arbeidsmiljølova. Vidare vert plan for sikkerheit, helse og arbeidsmiljø (SHA-plan) samt spesifikke sikkerheitsbestemmingar utarbeidd for all bygg- og anleggsverksemd kor SKL er byggherre. I denne orienterer me, blant anna, om påsjåplikt

og innsynsrett, og at me vil gjennomføra umeldt kontroll av entreprenørar, i det spesifikke prosjektet. Dette for, mellom anna, å sikra sikkerheit, arbeidsmiljø og etterleving av lønns- og arbeidsvilkår.

6.4 Fri fagorganisering og arbeidstakarrepresentasjon

SKL tilrettelegg for og støttar opp under dei tilsette sin rett til fri fagorganisering og andre former for demokratisk valgt arbeidsrepresentasjon. Me har etablerte rutinar for å involvera arbeidsrepresentantar og evt. andre interessentar i arbeid med berekraftig forretningspraksis via regelmessige møter i arbeidsmiljøutvalet (AMU).

6.5 Varslingskanal

Kritikkverdige forhold og brot på SKL sine levereglar kan meldast anonymt i selskapet sitt kvalitetssystemet samt direkte til leiari.

6.6 Overvaking/resultat

Ansvarleg næringsliv og etterleving av aktivitets- og redegjørselsplikta er forankra i selskapet, frå leiinga til dei tilsette. Ved å nytta ansvarleg praksis ved bruk av norske underleverandørar og utanlandsk arbeidskraft samt legga til rette for fri fagorganisering, varslingskanalar reduserer ein risiko for brot på grunnleggande menneskerettar og anstendig arbeidsforhold betrakteleg.

Per i dag ser me på SKL som ein relativt trygg verksemd utan stor risiko for brot på grunnleggande menneskerettar eller anstendige arbeidsforhold. Me vil likevel halda fram med å ha sterkt fokus på ansvarleg næringsliv.

Vegen vidare er oppsummert i ein intern handlingsplan med ansvarsfordeling og tidsfristar. Me er alt i gong med å gjennomføra fleire av tiltaka og ventar at desse vil bidra til å auka merksemd og redusera risiko for brot på menneskerettar og anstendige arbeidsforhold framover.

Stord, 8.juni 2023

Styret i Sunnhordland Kraftlag AS